# KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR OSTERØY

NR. 3 · SEPTEMBER 2022 · 47. ÅRGANG



## Tårnagentar på oppdrag

## KYRKJENE PÅ OSTERØY: TILSETTE / RÅD OG UTVAL

**Kyrkjekontoret**
Adresse: Lonevåg Senter, Lonevågen 5, 5282 Lonevåg.
Ope måndag til fredag kl. 8.00-15.00 med unntak for onsdag
Postmottak: post@osteroykyrkja.no
Heimeside: osteroy.kyrkja.no

**Tilsette:**
Kyrkjeverje: Linda Gripsgård Lunga, Tlf. 56978830 / mobil 90604890
E-post: linda.gripsgard.lunga@osteroykyrkja.no

Sekretær: Toril Margrete Nelson
Tlf. 56978830

Sokneprest: Stein Hugo Fykse,
Tlf. 56978836 / Mobil 90960154

Vikarprest: Ida Greve
Tlf. 56978837

Trusmedarbeidar: Helga A. Mjelstad
Tlf. 56978832 / mobil 48095658

Kantor: Ivar Mæland
Tlf. 56978834 / mobil 48182533

Organist: Trent L. Bruner
Tlf. 56978835 / mobil 93889950

Konfirmantlærar: Bjarte Aarland
Mobil 93429116

KYRKJEHELSING
Kyrkjelydsblad for Bruvik, Gjerstad, Hamre, Haus og Hosanger sokn.
Ansvarleg/kontakt for Kyrkjehelsing denne utgåva: Vibeke Bjørndal Midttun (vibekemidttun@gmail.com)

Neste utgåve av Kyrkjehelsing kjem ut torsdag 17. november. Frist for levering av lokalstoff er fredag 28. oktober.

Layout og trykk: Molvik Grafisk

ANDAKT

# «Jeg går ikke så ofte i kirken»

**I de mange fine møtene jeg har hatt med mennesker på tomannshånd begynte samtalen ofte som overskriften på dette lille innlegg.**

AV KANTOR IVAR MÆLAND



***PÅ ORGELKRAKKEN I VESTERVIG:*** *Ivar Mæland ved det store orgelet i klosterkirken i Vestervig. (Foto: Privat)*

Gjennom godt 50 år i yrkeslivet jevnt fordelt mellom Norge og Danmark har det vært mitt privilegium å treffe mennesker i vidt forskjellige miljøer. Årene som LO-forbundsleder samtidig med at jeg var kantor ved Fana kirke kan tjene som eksempel på det.

Eller de mange år jeg som rektor for kirkemusikkutdanningen på Jylland pendlet mellom det lille stedet Vestervig ved utløpet av Limfjorden og kirkedepartementet i København. For ikke å snakke om ungdomsårene som musikklærer på en av de mest sosialt belastede barneskoler i København.

I alle disse sammenhengene og mange andre har jeg aldri hatt behov for å skjule at jeg arbeidet i kirken, og i de mange fine møtene jeg har hatt med mennesker på tomannshånd begynte samtalen ofte som overskriften på dette lille innlegg. Samtalene var heldigvis ikke preget av skam, men mange hadde behov for å fortelle meg at – selv om de ikke tråkket dørstokken ned – de gangene de deltok i kirken var viktige for dem, eller at de ikke hadde slått vrak på sin barnetro.

Etter sommeren 1969 begynte jeg som organist ved sjømannskirken i København. Selv om noen allerede den gang mente at den norske kirkes gudstjenester var noe mosegrodde, følte vi oss jevnt over trygge i tjenesten. Hvis man ser på samfunnsutviklingen er det egentlig fantastisk at så mange fremdeles deltar i kirkens profilerte gudstjenester med dåp og konfirmasjon og andre merkedager.

Men ingen ting varer evig, det har koronaepidemien lært både oss i kirken og i kulturlivet ellers. Vi som arbeider i kirken er naturligvis spent på hvordan den vil se ut i fremtiden, og bruker vel innimellom litt energi på å tenke på fortsettelsen.

Derfor er vi også dypt takknemlige for de som møter opp også noen helt vanlige søndager – og som på den musikkglade Osterøy løfter salmesangen. Derfor her en konkret utfordring til alle mine kirkevenner: To ekstra fremmøter for alle i løpet av ett år vil løfte både gudstjenester, menighet og oss som tjener i kirken!



**GOD PLASS PÅ FERGA:** *Stort frammøte på årets friluftsgudsteneste. Biletet er frå gudstenesta i 2018. (Foto: MF Ole Bull)*

# Folkeferja + folkekyrkja = sant

**Årets friluftsgudsteneste ombord på MF Ole Bull vart halden i nydeleg vær, med 130 deltakarar.**

TEKST: ÅGE CLAUSEN

Hamre kyrkjelyd si årlege friluftsgudsteneste på 2. pinsedag har dei siste 11-12 åra vore ombord på MF Ole Bull. Det heile starta med at 250-meterskogen i Vardalen vart råka av uvær og granane der låg på kryss og tvers. Då foreslo dåverande sokneprest Inge Sørheim at «vi kan jo ha den på fergen. Det var og er opne armar på folkeferja, og det er me svært takksame for!

Denne gongen blei gudstenesta halden i nydeleg vær, med nyeprosten Leif Endre Grutle som liturg og talar. Me er takksame for at han delte Guds ord med oss på ein kvardagsleg og enkel måte.

Det vart ei ekstra høgd over gudstenesta ved at både Osterøykoret og barnekoret på Valestrand song for oss. Det var fleire enn underteikna som fekk ei tåre i augekroken då. Enno meir godtårer vart det under dåpen av ei fin lita jente.

Ei minnerik gudsteneste vart avslutta av Osterøykoret si framføring av «Irish blessing». Etterpå var det kyrkjesaft på Nye Valestrand torg. Her vart det mang ein god prat.

Det å møtast er noko av det viktige ved å samlast til gudsteneste. Kor mange som var med oss denne fine dagen? 130 talde organisten vår, Trent Brunner – som saman med fleire friviljuge hadde rigga både lyd og utstyr til gudsteneste på folkeferja. Trur nok alle stiller att til neste år!

## Vaffelfredag



Velkomen til vaffelfredag siste fredag i kvar månad kl. 11.00-14.00. Du finn oss på Kyrkjesenteret i Lonevåg (1. etasje under biblioteket). Her vil du få servert nysteikte vaflar, kaffi og ein god prat med både kjente og ukjente. I haust har vi ope 30. september, 28. oktober og 25, november. Vaffelfredag er eit samarbeid mellom Sokneråda og Kyrkjekontoret på Osterøy. Stikk innom, då vel!

## Pensjonistsamlingar

Velkomen til pensjonistsamlingar i Haus kyrkjelydshus hausten 2022, der me serverar betasuppe, kaffi og kake (kr. 100,-). Så har me ei enkel utlodning til inntekt for misjonsprosjekta våre: Lovsongsheimen i Bangkok (for fattige barn) og ein døveskule i Kamerun. Me ordnar med skyss for dei som treng. Ta kontakt med Signe Hannisdal (mobil 99124257) eller Madli K Hannisdal (mobil 91330928).

Samlingane vert haldne torsdagar kl. 13.30-15.30 på fylgjande dagar: 8. september, 15. september, 29. september, 13. oktober, 27. oktober, 10. november og 24. november. Den siste samlinga vert halden 8. desember kl. 12.00-15.00, og blir ei eiga juleavslutning. Alle er hjarteleg velkomne på samlingane våre – også frå andre sokn.

Haus sokneråd – Diakoniutvalet

# Nye medarbeidarar

**Ingveig Alida Larsson starta 15. august opp som prosjektleiar for Hamre kyrkjestad 1000 år, medan Bjarte Aarland er tilsett som konfirmantlærar på Osterøy.**

TEKST: LINDA GRIPSGÅRD LUNGA

Ingveig er frå Fyllingsdalen i Bergen, og er tilsett i ei 20% førebels stilling fram til prosjektet er over i 2024. Ho har ein bachelorgrad i kulturvetenskap frå Universitetet i Bergen, med hovudinteresse innanfor folkloristikk. Ho har også teke eit årsstudium i kulturprosjektleiing ved Høgskulen i Innlandet på Lillehammer.

Sitt første store arrangement arrangerte ho i 2016 då ho var 19 år gamal. Då arrangerte ho KuroiCon, som er ein type festival der cosplay står i fokus. Til dette fekk ho økonomisk støtte frå blant anna Bergen kommune.

Seinare har ho vore med å arrangera LAIV-festivalen Spillerom, Jazzincubator (ein minifestival under DølaJazz på Lillehammer), Amandus filmfestival (Lillehammer) og eit studentarrangement under Nordic Ski World Cup (Lillehammer). No gler ho seg til å arrangere 1000-årsjubileet for Hamre som kyrkjestad på Osterøy.

Den andre nye medarbeidaren heiter Bjarte Aarland. Han vert ny konfirmantlærar på Osterøy frå denne hausten, og skal jobba i ei 50% vikarstilling. Bjarte er 45 år gamal og har dei siste ti åra budd i Fotlandsvåg. Han er utdanna sjukepleier, men har vore ein del involvert i konfirmantarbeid tidlegare.

Vi ønskjer begge hjarteleg velkomen og ynskjer dei lukke til i dei viktige oppgåvene. Ta vel imot dei!





***NYE MEDARBEIDARAR:*** *Vi ønskjer begge hjarteleg velkomen og ynskjer dei lukke til i dei viktige oppgåvene. Ta vel imot dei!*

# Til deg som er barn eller ungdom og har opplevd å miste noen




Hvordan barn og ungdom reagerer i sorgen er avhengig av mange forhold. Mange tror at sorgen er verst med en gang etter tapet. De fleste forteller likevel at det tar litt tid før de virkelig forstår hva som har skjedd og hvilke konsekvenser det vil få i livet.

Noen trenger god tid før smerten har blitt håndterlig slik at de orker å snakke om det som er vondt. Belastningen på barn og unge i sorg er større en de fleste voksne tror. Kontakt med venner kan være vanskelig fordi de ikke helt forstår hvordan det er å miste noen. Det å treffe andre barn og unge som har opplevd sorg kan derfor være en lettelse for mange.

Målet med sorggruppene er å lære om ulike tanker og reaksjoner som kan komme i sorg, gi en opplevelse av gjenkjennelse (at andre har det på samme måte som en selv), gi forståelse (at andre vet hva man går gjennom), samt å styrke mestringsevne og selvfølelse.

- Gruppene blir organisert i aldersbestemte grupper
- Samlingen varer i 1,5-2 timer hver gang
- En gruppe starter når det er nok deltakere
- Løpende påmelding
- Tilbudet er gratis
- Gruppene er åpne for alle, uansett livssyn
- Gruppene ledes av to gruppeledere som kan ha ulik utdanning og bakgrunn, (pedagog, helsesykepleier, sykepleier, sosionom, diakon, prest og andre)
- Alle har taushetsplikt

Påmelding sendes til koordinator for arbeidet, som er diakon Åshild Høllesli Frantzen (mobil: 47072899 / epost: af847@kirken.no). Hun trenger kun opplysninger om navn og alder på barnet, adresse og telefonnummer.

Sorggrupper i Bergen for barn og ungdom er et samarbeid mellom Fana og Ytrebygda menigheter, Loddefjord og Olsvik menigheter, Åsane menighet og 13-20.

Thunestvedt
En god kobling
Din lokale elektriker for små og store oppdrag
Osterøy: 56 19 39 00
Arna: 55 39 19 00
inst@thunestvedt.no
www.thunestvedt.no

YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86
Mob. 902 96 665

BLINK HUS
Helge Rød as

Revheim Gravferdshjelp ANS
Står til teneste og ordner alt
det praktiske ved dødsfall.
Kjem gjerne heim for samtale.

Sissel Revheim & Karin Revheim
Tlf: 481 37 815/992 97 112
Epost: revheim@grhjelp.no

Annonsere i Kyrkjehelsing?
For annonsering - kontakt Torill Hatlebrekke Husebø på
995 50 787

Glimt frå trusopplæringa

# Midt i blinken!



**INNERTIAR:** *Pilkast i parken var eit populært innslag på laurdagstreffet.*

**Laurdagstreff med pizza i parken ved Hamre kyrkje blei ein innertiar, med godt frammøte og fint vér. Like etter skulestart møtte også mange opp på «Heilt førsteklasses», der 6-åringane fekk si eiga bok. No ventar hausten, og me har mykje på programmet.**

AV HELGA ASKELAND MJELSTAD

11. juni var nærare 60 personar innom parken på Hamre og Hamre kyrkje. Små og store kosa seg med pizza og leikar i parken. Mange prøvde seg på pilkast, ringspel og utebingo. Etter kvart ville fleire også læra seg å gå på stylter. Alle som ville, kunne gå sporløp og læra om pinse. Kyrkja var open og barna deltok i kyrkjebingo. Neste laurdagstreff blir i kyrkjesenteret 3. september.

Me har òg hatt «Heilt førsteklasses»-samlingar i Hamre kyrkje og Gjerstad kyrkje. Førsteklassingar fekk her si eiga kyrkjebok, arbeidsbok og ein hemmeleg konvolutt. Det er mogleg å få 6-årsbok sjølv om ein ikkje kunne delta på samlingane. Ta kontakt med Helga på kyrkjekontoret, så ordnar me dette.

Elles har tårnagentane vore i aksjon det siste halvåret – både i Bruvik, Gjerstad og Hamre. Dei løyser oppdrag og mysterium både i og utanfor kyrkja. Nokre finn hemmelege luker i kyrkjeveggane, mens andre må bevega seg gjennom ein labyrint eller leita etter hemmelege konvoluttar. Tårnagentavisa har både gøye og vanskelege oppgåver, som agentane kan fordjupa seg i. Takk for flott innsats!

Til slutt minnar eg om at det denne hausten blir søndagsskule ein tysdag i månaden i kyrkjesenteret i Lonevåg. Barna kan gå på Søndagsskulen frå dei er nokså små, dersom ein vaksen følgjer. Dei som er større, kan gå der åleine. Fleire vaksne leiarar er med og organiserer.




**PÅ STYLTER:** *Med litt hjelp klarte dei fleste å ta seg ein spasertur 20 cm over bakken.*



***«HEILT FØRSTEKLASSES» I GJERSTAD KYRKJE:*** *6-åringane fekk her si eiga kyrkjebok, arbeidsbok og ein hemmeleg konvolutt.*



***KLARE FOR OPPDRAG:*** *Tårnagentane fekk løyse oppdrag og mysterium både i og utanfor Hamre-kyrkja.*



***TRE AGENTAR I KYRKJETÅRNET:*** *Tårnagentane i Hamre utforskar klokketårnet.*

# Trusopplæringa hausten 2022

- Laurdag 20/8 kl. 12.00-14.00: Heilt førsteklasses (6-åringar, Hamre kyrkje)
- Søndag 21/8 kl. 12.30-14.30: Heilt førsteklasses (6-åringar, Gjerstad kyrkje)
- Onsdag 24/8 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Tysdag 30/8 kl. 17.00-18.00: Søndagsskule (4-12 år, Kyrkjesenteret)
- Onsdag 31/8 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Torsdag 1/9 kl. 17.00-19.00: B-dag (3-12 år, Bruvik kyrkje)
- Laurdag 3/9 kl. 11.00-13.00: Laurdagstreff (alle, Kyrkjesenteret)
- Tysdag 6/9 kl. 16.30-17.30: Småbarnsong (3-5 år, Kyrkjesenteret)
- Onsdag 7/9 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Tysdag 13/9 kl. 17.00-18.00: Tårnagentklubb (8-11 år, Kyrkjesenteret)
- Onsdag 14/9 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Laurdag 17/9 kl. 10.00-12.00: Trill & Trall (2 år, Haus kyrkje/ kyrkjelydshus)
- Onsdag 21/9 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Tysdag 27/9 kl. 17.00-18.00: Søndagsskule (4-12 år, Kyrkjesenteret)
- Onsdag 28/9 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Laurdag 1/10 kl. 11.00-13.00: Laurdagstreff (alle, Bruvik kyrkje)
- Søndag 2/10 kl. 10.00-11.00: Samlingsstund (4 år, Hamre kyrkje)
- Søndag 2/10 kl. 11.00-12.00: Utdeling av 4-årsbok (4 år, Hamre kyrkje)
- Søndag 2/10 kl. 15.00-16.00: Samlingsstund (4 år, Haus kyrkje)
- Søndag 2/10 kl. 16.00-17.00: Utdeling av 4-årsbok (4 år, Haus kyrkje)
- Tysdag 4/10 kl. 16.30-17.30: Småbarnsong (3-5 år, Kyrkjesenteret)
- Onsdag 5/10 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Tysdag 18/10 kl. 17.00-18.00: Tårnagentklubb (8-11 år, Hosanger kyrkje)
- Onsdag 19/10 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Søndag 23/10 kl. 10.00-11.00: Samlingsstund (4 år, Gjerstad kyrkje)
- Søndag 23/10 kl. 11.00-12.00: Utdeling av 4-årsbok (4 år, Gjerstad kyrkje)
- Søndag 23/10 kl. 15.00-16.00: Samlingsstund (4 år, Hosanger kyrkje)
- Søndag 23/10 kl. 16.00-17.00: Utdeling av 4-årsbok (4 år, Hosanger kyrkje)
- Tysdag 25/10 kl. 17.00-18.00: Søndagsskule (4-12 år, Kyrkjesenteret)
- Onsdag 26/10 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Søndag 30/10 kl. 11.00-12.00: Utdeling av 4-årsbok (4 år, Bruvik kyrkje)
- Tysdag 1/11 kl. 16.30-17.30: Småbarnsong (3-5 år, Kyrkjesenteret)
- Onsdag 2/11 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Fredag 4/11 kl. 18.00-19.00: Klovnane Tipp & Topp (familie, Hosanger kyrkje)
- Laurdag 5/11 kl. 11.00-13.00: Laurdagstreff (alle, Haus kyrkjelydshus)
- Tysdag 8/11 kl. 17.00-18.00: Tårnagentklubb (8-11 år, Kyrkjesenteret)
- Onsdag 9/11 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Laurdag 12/11 kl. 17.00: Lys Vaken for 5. klasse (10-11 år, Gjerstad kyrkje)
- Søndag 13/11 kl. 11.00-12.00: Lys Vaken-gudsteneste (alle, Gjerstad kyrkje)
- Onsdag 16/11 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Tysdag 22/11 kl. 17.00-18.00: Søndagsskule (4-12 år, Kyrkjesenteret)
- Onsdag 23/11 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Fredag 25/11 kl. 16.00: Juleverkstad (alle, Kyrkjesenteret)
- Laurdag 26/11 kl. 17.00: Lys Vaken for 5. klasse (10-11 år, Haus kyrkje)
- Søndag 27/11 kl. 11.00-12.00: Lys Vaken-gudsteneste (alle, Haus kyrkje)
- Onsdag 30/11 kl. 12.00-13.00: Babysong (0-1 år, Kyrkjesenteret)
- Torsdag 1/12 kl. 17.00-19.00: Juleverkstad (4-12 år, Bruvik kyrkje)
- Tysdag 6/12 kl. 16.30-17.30: Småbarnsong (3-5 år, Kyrkjesenteret)

DEN NORSKE KYRKJA
Osterøy

## Velkomen til gudsteneste!

Alle gudstenester byrjar kl. 11.00 om ikkje anna nemnd i oversikta under.

### 14. august
*10. sundagen i treeiningstida Mark 11,25-26*
**Hamre kyrkje:** Gudteneste ved Ida Greve: Dåp og nattverd.

### 21. august
*11. sundagen i treeininstida Joh 8,31-36*
**Gjerstad kyrkje:** Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Dåp og nattverd.

### 28. august
*12. sundagen i treeiningstida Joh 4, 27-30.39-43*
**Hosanger kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste ved Ida Greve. Dåp og nattverd.
**Hamre kyrkje kl.16.00**: Gudsteneste ved Ida Greve. Dåp og nattverd.

### 4. september
*13. sundagen i treeiningstida Joh 15,13-17*
**Haus kyrkje:** Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. 50-års konfirmanter, konfirmantpresentasjon og dåp.

### 11. september
**Inga gudsteneste.**

### 18. september
*15. sundagen i treeiningstida Joh 15,9-12*
**Hamre kyrkje:** Gudsteneste ved Ida Greve. Dåp og nattverd.
**Gjerstad kyrkje:** Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Konfirmantpresentasjon.

### 25. september
*16. sundagen i treeiningstida Matt 11,16-19*
**Bruvik kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Konfirmantpresentasjon.
**Hosanger kyrkje kl. 16.00**: Gudsteneste ved Ida Greve. Konfirmantpresentasjon.

### 2. oktober
*17. sundagen i treeiningstida Mark 5,35-43*
**Hamre kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Utdeling av 4-årsbok. Dåp.
**Haus kyrkje kl. 16.00**: Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Utdeling av 4-årsbok.

### 9. oktober
*18. sundagen i treeiningstida Mark 1,40-45*
**Gjerstad kyrkje:** Gudsteneste ved Ida Greve. Nattverd.

### 16. oktober
*19. sundagen i treeiningstida Luk 9,57-62*
**Hamre kyrkje:** Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Dåp og nattverd.

### 23. oktober
*20. sundagen i treeiningstida Matt 18,1-11*
**Gjerstad kyrkje kl. 11.00**: Gudsteneste ved Ida Greve. Utdeling av 4-årsbok.
**Hosanger kyrkje kl. 16.00**: Gudsteneste ved Ida Greve. Utdeling av 4-årsbok.

### 30. oktober
*Bots og bønedag Luk 15,11-32*
**Bruvik kyrkje:** Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Utdeling av 4-årsbok.

### 6. november
*Allehelgensdag Luk 6,20-23*
**Hosanger kyrkje kl. 11.00**: Minnegudsteneste ved Ida Greve.
**Hamre kyrkje kl. 19.00**: Minnegudsteneste ved Ida Greve.
**Haus kyrkje kl. 11.00**: Minnegudsteneste ved Stein Hugo Fykse.
**Gjerstad kyrkje kl. 19.00**: Minnegudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

### 13. november
*23. sundagen i treeiningstida Matt 24,35-44*
**Gjerstad kyrkje:** Lys vaken-gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

### 20. november
*Domssundag/Kristi Kongedag Joh 9,39-41*
**Hamre kyrkje:** Gudsteneste ved Ida Greve. Nattverd.

## SLEKTERS GANG

### Døypte:

**Haus**
29.05 Simon Mjelstad Noven

**Gjerstad**
05.06 Johanna Njåstad
26.06 Nicoline Bru Hafner
26.06 Synne Vedå Nordpoll
26.06 Sophie Gravdal Skistad

**Hamre**
06.06 Ingrid Lovise Zahl-Ness

**Hosanger**
12.06 Hedda Vevle Risholm
12.06 Elsa Nedberge Tepstad

### Vigde:

**Gjerstad**
28.05 Bergljot Hannisdal og Ove Steinestø

### Gravlagte:

**Bruvik**
28.06 Valborg Langhelle (f.1941)

**Haus**
05.04 Kjersti Irene Ellingsen (f.1972)
26.07 Johanna Hundhammer (f.1931)

**Gjerstad**
29.04 Bjarte Halland (f.1945)
06.05 Marta Antun (f.1918)
19.05 Jonathan Mjanger Geitrheim (f.2018)
20.05 Rasmus Kleppe (f.1946)
21.06 Arvid Birkeland (f.1947)

**Hamre**
10.05 Berit Birkeland (f.1963)
03.06 Audun Mosevoll (f.1947)
21.07 Harda Marie Jakobsen Myklebustad (f. 1928)
05.08 Arnold Kallekleiv (f.1936)
09.08 Eli Horsås (f.1949)

**Hosanger**
03.05 Agnar Kleiveland (f.1938)
13.05 Norunn Røsland (f.1955)
06.07 Margit Haugstveit (f.1929)
22.07 Liv Singelstad Haukøy (f.1949)
22.07 Jenny Randi Espevoll (f.1953)
29.07 Margun Hjelmås (f.1930)




Bunad og stakkastovo as

Ny bunad
Omsøm
Alt av tilbehør

Ring for avtale 56191800

**Hodlebrautsvegen 18, Osterøy næringspark, 5281 Valestrandsfossen**
**www.bunadogstakkastovo.no**